



Ingebjørg Haugland ordna 2 mål att i dag (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ingebjørg Haugland frå Uskedalen var ikkje snauare enn at ho også i ettermiddag scora 2 mål og fleire vart det ikkje i oppgjeret til jenter 14 mot Zimbabwe. Rosendal står ubesigra etter puljespelet og har 9 poeng. No ventar A-sluttspilet.

Afrikanarane hadde på førehand 0 poeng på to kampar og leiing og spelarar frå Rosendal rekna med at dette ville bli ein lett match. Men det vart det ikkje. Først midt i andre omgangen fekk dei hol på byllen. Det var ikkje minst fordi Zimbabwe hadde ein god keeper.



Jentene i NC frå Uskedalen: Katrine Yri Røssland ligg foran og bak sit frå venstre Marthe Guddal Zimmer, Ingebjørg Haugland og Kari Bråtun. (Foto: Silje Bråtun)

Kamp nummer 3 i pulja gjekk føre seg eit kvarter forseinka i strålende solskinn på Valle Hovin og det var varmt både på grunn av sola og kunstgraset. 4 uskedelingar er med på laget: Ingebjørg Haugland, Kari Bråtun, Katrine Yri Røssland og Anne Marthe Zimmer.

Frå start skjedde alt på afrikanarane sin banehalvdel og keeperen deira hindra mål fleire gongar. Rosendal presterte kjempespel i denne perioden.

Etter eit kvarter vart det nesten mål til Zimbabwe, men Rosendal kontra og var like ved å scora. Like før pause skaut Julie godt, men til side for mål.

Tidleg i andre omgangen var Tina fri, men skaut over og det same gjorde ho etter corner like etterpå. Etter dette var det igjen godt spel av Rosendal. Dei kom igjennom på midten, men keeperen redda igjen. Zimbabwe var også frampå frå tid til annan, men Rosendal-forsvaret rydda godt opp.

Det første målet var resultatet av ein flott jobb av Kari som sende ein god pasning til Ingebjørg. Det andre målet hennar var eit flott skot frå venstre kant. Like før slutt skaut Ragnela like over tverrliggjaren.

Av Ola Matti Mathisen

Gutar 13 tapte i kveld 4-0 for Skedsmo.